

## **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 21.10.2020**

**Inge Fiskvik, FFO**, sette på vegner av rådet for menneske med nedsett funksjonsevne fram slikt forslag:

«RMNF sluttar seg til innspel frå Vestland fylkeskommune til NOU 2020:06. Rådet påpeker særleg at ein må utvikle sikre løysingar for elektronisk røysting i vallokala, for å betre tilrettelegging for veljarar med funksjonsnedsettingar. Vallokala skal vere fullt ut tilgjengelege for alle grupper, og regelen om dispensasjon må praktiserast svært strengt.»

### **Avrøysting**

Fiskvik sitt forslag vart samråystes vedteke.

### **Tilråding frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har slike innspel til ein høyringsuttale frå Vestland fylkeskommune om NOU 2020:06 «Frie og hemmelige valg - ny valglaw»:

RMNF sluttar seg til innspel frå Vestland fylkeskommune til NOU 2020:06. Rådet påpeker særleg at ein må utvikle sikre løysingar for elektronisk røysting i vallokala, for å betre tilrettelegging for veljarar med funksjonsnedsettingar. Vallokala skal vere fullt ut tilgjengelege for alle grupper, og regelen om dispensasjon må praktiserast svært strengt.